



Idretten i Ottadalen

Idretten i Ottadalen



Idretten utgjør ein viktig del av kvardagen for mange – som aktive idrettsutøvarar, trimmarar eller ivrige fjernsynstittarar. Sparebank 1 Lom og Skjåk har heile tida vore ein aktiv medspelar for den lokale idretten og kulturlivet og støtta opp med økonomiske midlar, premiar og på ymse andre måtar.

Temadelen i denne årsmeldinga tek for seg korleis konkurranseidretten har utvikla seg frå den spede starten mot slutten av 1800-talet og fram til våre dagar. Omgrepet «idrett» eller «idrott» har ein usikker og komplisert bakgrunn med røter i både

germansk og gammaldansk språk. Det germanske *in-druhti* kan ha vore omtale av ei «stor, god gjerning». I norrøn tid vart dette blanda med det norrøne ordet *drottr*, som betyr styrke og kraft. Til saman vart dette det norrøne ordet *idrott*.

Vinteridretten sterkast

I starten var det naturleg nok vinteridretten som stod sterkast. Ski- og skeiser har vore brukt som framkomstmiddel i uminnelege tider, og bruken utvikla seg gradvis til å bli konkurranseprega. I denne årsmeldinga er det derfor lagt størst vekt på utviklinga lokalt innan desse idrettane.

Kinesarane med idrett for 5000 år sidan

Gymnastikk ser ut til å ha vore populært i det gamle Kina, og truleg har kinesarane drive med idrettslege aktivitetar i 5000 år. Statuar og monument frå faraoane vitnar om at også dei gamle egyptarane dreiv med idrettar som symjing og fiskeing, spjutkast, høgdehopp og bryting.¹

I Skandinavia starta vi relativt seint med å gjere oss gjeldande i den internasjonale historia. Med unntak av ei og annan helleristning som kan tolkast som skilauaparar er det lite frå vår del av verda som minner om idrettslege aktivitetar.²

Antikken sine olympiske leikar

Det var den greske militære kulturen som tok grep om utviklinga av idrett og fysiske tevling. Idrett utvikla seg til å bli sentral i den greske kulturen, og dei olympiske leikene vart etablert. Dei vart arrangert kvart fjerde år i den vesle byen Peloponnesus – også kalla Olympia. Frå år 776 f. Kr. var leikane tett knytte til folkefestar og religiøse ritual. Løp, hopp, kast, boksing, bryting og tevlingar på hesteryggen var dei mest vanlege øvingane.³

Det norrøne folket, 700–1350

Dei kjeldene som finst attende til norrøn tid, viser at idrett hadde ei sentral rolle i vikingkulturen. Ifølgje kongesagaen var interessa for idrettslege syslar stor blant vikingane. Rett nok var desse forteljingane nedskrivne lenge etter at vikingane faktisk dreiv med sine meir eller mindre voldelege syslar. Sagalitteraturen byggjer på munnleg overleverte forteljingar, som vart skriftfesta mellom 1120 og 1400-talet.

Ifølgje sagalitteraturen var dei norrøne forfedrane våre interesserte i både innandørs og utandørs sportsaktivitetar. Brettspel var ein av dei mest vanlege tevlingane. Det er funne mykje både av brett og brikker som gravgoods.

Drikking skal faktisk også ha vore ei mykje utbreidd konkurranseform som gjekk ut på å oppretthalde, eller til og med betre, den verbale ferdigheita trass i aukande alkoholinntak.

I Orvar-Odds saga er Sigurd og Sjolvf omtala i sitt forsøk på å overvinne Orvar-Odd. Etter kvar mjøddrikk komponerte og framførte kvar deltakar eit vers. Odd drakk dobbelt så mykje mjød mellom kvart vers, men poesien vart berre betre og betre, og Sigurd og Sjolvf tapte drikkekampen.

Symjekonkurransane til vikingane var meir ei tevling om å unngå drukningsdøden. Sagaene omtalar tevlingar der målet var å halde motstandaren under vatn så lenge som mogleg.

Skinngleik skal ha vore ein annan innandørsidrett, der ein samanrulla skinnfell av bjørneskinn vart kasta mellom fire deltakarar, og den femte skulle forsøke å få tak i skinnfellen.

Knattleikr var eit ballspel som vart spelt med ein hard ball og eit balltre. Frå Gislá Súrssonar saga går det fram at knattleikr var ein nærkontaktsport med harde taklingar og mykje halding. Ballen var laga av lær eller tøy, stor som ein tennisball. Alle spelarane hadde vedspadar, og ballen kunne sparkast, kastast eller slåast med spaden.

Bryting er ei anna konkurranseform frå sagaen. Enkelte brytekampar ser ut til å ha vore ekstra harde og utkjempa til døden.^{4, 5, 6}



Nærkontakt i knattleik. Illus vikingliv.blogg.no



Helleristninga som kan tolkast som skilauaparar frå Alta. Foto frå no.wikipedia.org

Hesten i vikingetida

I hestekampar vart to hingstar egga til å kjempe mot kvarandre til den eine vart drepen eller flykta. For å egge hingstane mest mogleg vart det tjora hopper rundt området der kampen gjekk for seg.

I vikingtida var hestane meir ridedyr og status-symbol enn trekk-kraft på gardane. Hesten hadde gudgjevne eigenskapar, og hestekjøtt spelte ei viktig rolle ved blota. Dei dyrka styrken og avlskrafta til hesten ved å la den kappast og slåss med ander hestar. Hesteleik eller «skeid» vart arrangert til faste tider på faste stader i samband med festar og seremoniar som skulle fremje grøda.



Hestekamp i folkevandringstida, avbilda på ein stein i Uppland i Sverige. To hingstar ryk i hop og hissa opp av karane som står med "hestestavar" i bakgrunnen. Illus: norsknetskole.no

Skeid-aker

Skjåk-namnet kjem av skeid-aker. Dei flate, øvre jorda på Skjåk (og Prestgarden) og vollane og moen (Bismoen) nedanfor Skei var godt eigna til idrettsaktivitet og kanskje brukt som arena for hesteleik/skeid.⁷

Skeið blir definert som bygdestemne med hestekampar og kappritt, som ofte gjekk føre seg utpå hausten. Skikken er eldgammal og mykje omtala i islandske sagaer. Mange gards- og stadnamn som Skeid, Skedsmo og Skeie, skriv seg frå slike stemne.^{8,9}

Eigne gudar

Bogeskyting hadde til og med sin eige gud i norrøn tru – Ull. Odin var sjølv idrettsguden i tillegg til at han var krigsgud.

I eitt av hyllingskvada som Harald Hardråde (konge 1047–1066) fekk laga om seg sjølv, vart det ramsa opp åtte *idrettar* han hevda seg godt i. Dette var tradisjonelle, fysiske aktivitetar som symjing, skiløping, skyting og roing og meir mjuke aktivitetar som harpespel og diktning. Kappdrikking var også ein idrett Harald Hardråde skal ha hevda seg godt i.



Ull var gud for bogeskyting. nn.wikipedia.org

Olav Tryggvason (konge 995–1000) er i Snorre karakterisert som den fremste av alle nordmenn i alle idrettar. Kongen hadde styrke og god kroppskontroll, han sjonglerte med sverd medan han gjekk utanbords på årene på Ormen lange, klatra i fjell, hogg like godt med både hendene og kasta to spjut på ein gong. Olavs medsamansvorne Einar Tambar-skjelve skaut så hardt at ei pil utan spiss gjekk gjennom ei rå oksehud. Tambar-skjelve betyr da også *den som får bogestrengen til å skjelve*. Også Olav den heilage har vorte omtala som ein stor idrettsmann.

Den norrøne idretten var på langt nær så tilrette- lagd som den gamle, greske sporten. Idrett vart driven når folket kom saman til ting eller gilde for andre føremål. Ære, rikdom og kunnskap var suksesskriteria i det norrøne samfunnet.

Sjela prioritert i kristendomen

Da kristendomen gjorde sitt inntog, skulle sjela ha førsteprioritet. Kroppen var *berre eit syndig skal for sjela*. Dermed utvikla det seg motsetningar mellom dei kristne verdiane og æretenkinga fysisk og kroppslig kappestrid bar med seg. Men, idealet om sterke menn levde vidare, og idrett heldt fram som sosial leik gjennom heile middelalderen – også etter at Olav den heilage hadde nytta seg av svært så mykje muskelkraft for å få innført kristendomen.

Noreg innlemma i europeisk kultur

Under den norske stordomstida på 1200-talet vart landet i større grad innlemma i den europeiske kulturen. Håkon Håkonson (konge 1217–1263) innlemma mykje av det nordlege Europa i sitt herredøme, og Kong Sverre (konge 1177–1202) sin opprørsflokk av birkebeinarar gjev i våre dagar sterke idrettslege assosiasjonar, sjølv om skibragdene på den tida handla mest om ski som transportmiddel og ikkje om kappløp.

Utover på 1200-talet høyrer vi ikkje lenger om idrettsleg dugleik hjå kongane. Livet og kvardagen vart stadig meir klassedelt, der overklassa sikra seg privilegium i lovs form. Overklasseidretten vart meir internasjonal, og den folkelege meir lokal. Dei gamle styrkeprøvene, holmgangane og tvekampane var ikkje lenger utøvde av kongar og overklasse, og var derfor heller ikkje omtala på same måte som i parallellar til vikingsagaene.⁴

Ungdomslaga fyrst ute med organisert idrett

Det var ungdomslaga som først organiserte og sette idrettsarbeidet i system her til lands. Ungdomslaga arbeidde for *folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhald og samyrke millom*

landsens ungdom. Det var eit fattig, trøngt og kaldslæg liv for bondeungdomen på slutten av 1800-talet eit klasseskilje der borna til dei "kondisjonerte" reiste ut av bygda til dei høgare skulane. For dei som var att var det å reke ute på landevegen, gøyme seg burt i skogholta med kortstokken eller med øl- og brennevinsflaska. Um vinteren søkte ungdomen hugnad av liknande slag, men då innanhyses og helst på dei mest avsidesliggjande gardane, i tronge, myrke rom. Millom denne ungdomen kunde ein ofte finna dei djervaste, friskaste, mest framtøknne manns- og kvendeemne. Det var dei som vart drivne ut i myrkekrærne til slikt som det offentlege meining i tida stempla for "mørkets gjerninger".¹⁰

Voni først ute

I Ottadalen var ungdomslaget Voni først ute. Laget vart stifta i Bøverdalen i 1885.

I Skjåk kom Bergtorskvål i 1892 og Fram i 1898. Andre ungdomslag i Skjåk har vore Bråtålaget (stifta i 1906), Fjelldønning (stifta i 1930), Ul Vilje i Åmotskretsen og Holemark.

I Lom såg Lia ungdomslag dagens ljøs i 1895. Andre ungdomslag i Lom har vore Ljosglimt (stifta i 1910), Loar og Vårdalen (stifta 1920), og Jotunheimen i Bøverdalen (1950).

Vågå ungdomslag vart stifta i 1900. Lalm hadde utsending til ungdomslagsstemne alt i 1898. Andre lag i Vågå har vore Jotunheim på Tessand (stifta i 1945).

Voni u.l. finst att i registreringane til *Centralforeningen for utbredelse av Idræt*, da laget i 1910 som einaste ungdomslag i Ottadalen hadde optat idræt som aktivitet. Kristen Lund, Lom var da oppgjeven som kontaktperson/leiar.

Centralforeningen for Udbredelse af Idræt

Innan dei etter kvart så mange ungdomslaga hadde også idretten litt om senn gjort sitt inntog. I februar 1901 skipa fylkeslaget til premieskirenn på Vinstrå, der 38 skiløparar deltok. På den tida var Centralforeningen for Udbredelse af Idræt i full gang med opplæring av instruktørar rundt omkring i landet, og oberstløytnant Seeberg var alt sommaren 1901 i Vågå til skeid for opplæring av instruktørar. *Oppmøtet var heller dårleg*.¹⁰

Bråtålaget var tidleg ute med idrett på programmet. Bråtålaget ungdomslag, som var skipa i 1906, hadde idrett på programmet svært tidleg. Det er mykje sannsynleg at det i alle fall var ski-

aktivitet i laget heilt frå starten. I 1920 er det dokumentert i styreprotokoll at det skulle vera premieskirenn, og eldre folk i grenda minnest at det også var arrangert egne jenterenn i Bråtå på denne tida. Tamreindrifta i Skjåkfjella førte framande reinsgjatarar til området. Dei var flinke skiløparar, og hadde med seg nytt skiutstyr og andre måtar å bruke dette utstyret på. Dette var nok motiverande for bråtingane og ei årsak til den sterke stillinga skiidretten har hatt i denne delen av Skjåkbygda. ¹¹

Ungdomslaget Loar tok seg av skeiseaktiviteten i Lom på Skim og Åsjo. Her ivrige gutar på Åsjo i 1927. Foto: Ivar Risheim. Skjåk historielag.

Ungdomslaga organiserte skeiseaktiviteten

Tidleg på 1920-talet var det stor skeiseaktivitet på Skim. Det var stor stas og mykje folk når Ungdomslaget Fram arrangerte skeiserenn mellom Risheimsøya og Skrindsvee. Desse renna gjekk på seinvinteren etter at sola hadde fått skikkeleg tak på isen. Ungdomslaget Loar tok seg av skeiserenna i Lom – på Skim eller Åsjo. ¹²

Ungdomsrørsla vart etter kvart utfordra på idrettsarbeidet av stadig fleire idrettslag- og foreiningar. Mange var lite tilfredse med det arbeidet som vart gjort av ungdomslaga. Ei ordveksling i Gudbrandsdølen frå vinteren 1910 seier mykje om denne «kampen» om ungdomen og fortel mykje om korleis livet på bygdene var på den tida.

Idræten i Ungdomslagene?

Hvor blir det av den??

Centralforeningens Utsending, Oberstløytnant Seeberg, bereiste før jul endel av Dalen og holdt



Foredrag med Lysbilleder om Idræt – spesielt inden Ungdomslagene. Han gav overalt grei Beskjed om, hvordan Idrætsarbeidet skulde paabegyndes og videre fremmes, og han framholdt specielt at nu – med det prægtige Skiføre – gjaldt det først og fremst at faa Ungdommen ud paa Ski ... eller at Lagene tar Ture baade med Gutter og Jenter.

Han lovede paa Sentralforeningens Vegne, at Lagene skulde faa al den Veiledning de ønskede, og at de ogsaa kunde paaregne nogle Præmier fra Centralforeningen. Hvad er nu Resultatet af dette Centralforeningens Arbeide inden Ungdomslagene i Dalen?

Efter hvad vi har bragt i Ærfaring, har endnu ikke et eneste Ungdomslag indmeldt til Centralforeningen, at de har optat Idrætsarbeidet og meldt dette ind. Det synes vi er daarlige Greier! ... Vi synest, Lagene nu skulde ta sig lit mere sammen! Der maa – hvis nødvendig – faaes lidt mere energiske og drivendes Mænd

i Ungdomslagenes Styrer – Folk, som ikke bare vil opdrage Ungdommen ved Foredrag, Sang og Oplæsning, men som ogsaa tar Sigte paa det, som kan udvikle og styrke Legemet. Og hertil er jo netop Idræt et ypperlig middel.

Sneen ligger nu fin og hvid overalt; Skiene kan spændes paa lige udenfor Stuedøren. Er det ikke likere for Ungdommen at ta sig en frisk, liden Skitur en maaneklar Kveld, end at sidde og døse bort i Ovnskroken, og saa samlede Øvelser om Søndagene. Ud paa Ski, Gutter – øv dere i Idræt ogsaa til Sommeren! Se at bli de spræke Karer, som I kan være, naar I faar av eder «daukjødet». Gudbrandsdalen har saa mange Betingelser forat kunne ha en spræk Ungdom, at vi nu ogsaa maa se at faa det! Dette er ikke bare en Bygdesag, det er en Landssag. Her maa alle være med! Vi maa løfte i Flok!

Redaktøren (Gudbrandsdølen, 20. Januar 1910)



Idrætten

Deres Opfordring fornylig, Hr. Redaktør, om at faa lidt Fart i Idrætsbevægelsen har sikkert vundet Anklang nordover Dalen. Der bor saa megen bra og prægtig Ungdom i Gudbrandsdalen, at det er en Skam, hvor langt nede i Rækken den kommer blandt Norges aktive Idrætsungdom. Besøg et Dansestevne i Dalen, og der er saa stuvende fuldt, at Dansepladsen rent kommer bort. Og foreta saa en Mønstring af den Trop, som følger Opfordringen til at lægge Skifar indover solblanke Fjeldvidder. Det blir en sørgelig Forskjel...

... Det er ikke ledelse som mangler. Ungdomslag og Foreninger er der nok af; men det er netop de menige Tropper, Ungdomsskaren fra Danssalene – den er det, vi vil ha med. Bagefter – naar man kommer til Dals igjen efter Skituren – kommer Dansen til sin Ret i det kameratslige Samvær, og da til saa megen større Glæde.

I Gudbr.d. nr. 10 for 25. Januar skriver en Indsender om Ungdomslagene og Idrætsarbeidet – og det framholdes her – som en uheldig Følge – at hvis Ungdomslagene ikke tar Sagen op, blir det stiftet Idrættslag, som kommer til at «konkurrere» med Ungdomslagene. Man maa derfor «afværge unødige Konkurrence». Jeg vilde gjerne faa sagt nogle Ord herom.

... Der er heller ingen Tvil om, at Ungdomslagene kunde drive meget aktivt Idrætsarbeide. Men lige-saa sikkert er det, at de hidtil har ladet dette Arbeide ligge. En av Grundene hertil bør nok være, at Ungdomslagene har Opgaver nok alligevel. Idrætssagen er altfor stor til at komme med paa et Program som Atpaaslæng. Derfor skal Ungdomslagene saa langt fra se skjævt til Dannelsen av Idrættslag, at de tværtom af al magt bør støtte disse, som kun vier sig for Idrætten.

Derfor maa alt Konkurrencesnak slaaes ned! Haand i Haand, i Forstaaels og Samarbeide skal vi arbeid den store Sag fremover! Det ser ut, som om Idrætssagen ogsaa her i Dalen er i jevn Fremgang, men den maa befæstes og stadig øges.

F. (sign) Gudbrandsdølen, 3. februar 1910

Der skrives til os:

Gudbrandsdalens Ungdomslag har i flere Aar havt Arbeide for Idrætten paa sit Program. Det har faat istand Skirend om Vinteren og Idrætskonkurranse om Sommerne sammen med Ungdomsstevnet. Det har delt ud Skrifter om Idrætten blandt Dalens Ungdom og sendt ut Foredragsholdre, som har talt Idrættens Sag.

Men Fylkeslaget kan ikke udrette stort uden Støtte fra den enkelte lag. Denne Støtte har Fylkeslaget længe ventet forgjæves paa. Deltagelsen i Idrætskonkurranserne har været meget liden i Forhold til den store Ungdomsslog, som har mødt fram til Stevnene. Og meget faa Lag har tat Idrætsarbeidet op for Alvor.

Nu ser det ud til en Forandring i dette Forhold. Interessen for Idræt er i sterk og glædelig Stigning. Denne Medvind maa Ungdomslagene benytte sig af. Faa Ganger har saa stor Ret til at komme paa Ungdomslagenes Program som Idrætssagen; den vil styrke og støtte Lagene og skaffe dem nye og interesserte Medlemmer, sætte nyt Liv og Fart i Arbeidet, samtidig som den er det bedste Middel til at skabe en sund, sterk og freidig Ungdom.

Hvis Ungdomslagene ikke tar Sagen op vil Følgene bli, at der rundt i Bygderne blir stiftet Idrættslag, som kommer til at konkurrere med Ungdomslagene. Altfor mange Foreninger i en Bygd er ikke af det gode, Ungdomslagene bør derfor i Tide afverge unødige Konkurransen. ...

... Faa Ungdommen Uud paa Ski og Skøiter og Kjælke om Vinteren, paa Sykleture og Fodture om Sommeren. Jo mere man kan faa med des bedre.

... Maalet maa ikke være at øve op nogle faa fremragende Idrætsmænd, mens det store Flertal faar nøie sig med at være Tilskuere. Man maa tværtom fra første Stund af lægge an paa at faa alle med. Da kan man maaske med Tiden naa derhen, at det blir Ungdomslagene, som indtar den ledende Stilling i Bygernes Idrætsliv. Men for at naa derhen maa lagene samle sig om Arbeidet og i Flok melde sig ind i Centralforeningen.

Gudbrandsdølen, 25. februar 1910



akker
e Solide
P admi-
n Priser.
udsalg.

lper

am.

U,
il og

ortent.

L.

øberi & mek. Verksted,
Am. Handlaues Gård.

JULEKORT. I

TIL JULEPRESENTER!

Oluf Olsens Sportsforretning

Medalje i Lillehammer 1897

for smuk og righoldig Samling af Jagt- og Sportsudstyr

anbefaler:

Ski

af Høker — Ask, Pors, Birk
og Aap i alle Størrelser.

<p>Kansegøvere, Dobbeltst Hæker, Saltegrøvere, Bævestroer, Patroent, Ladmaskiner, Skytterassonlinen.</p> <p>Reiseartikler: Kuffetter, alle slags, Hjæmsække, Bagasjer, Haandtrækker, Skoterandter, Damaskealer, Herresandter,</p>	<p>Skistaver, Klemmer, Paabindinger, Skigvæmselæg, Fakler, Skivoks, Raggelker, Løpærsk, Skituror, Skivaatter, Længdeløbskøtter, Kunstløbskøtter, Kjølker,</p>	<p>Cigarer i 1/2, 1/4, 1/8, 1/16, Kassor lilligt. Cigaretter, Raggelbakkor, Skrautbakkor, Tobakkpølser, Pibesse, Mærskumsvareer, Cigaretstuber, Cigaretstøler, Cigaretmaskiner, Tobakkpølser, Pensspænger, Pengebæger. Kaffe, mange Slags</p>
---	---	---

Køb naar Sportsartikler til Præsentar. Sport giv Sun-Red.

Mit Lager er jeg trykt udsolde i største og bedste Udvalg til udsolgt tilgode Priser.

Telefon 100. **Oluf Olsen.** Telefon 100.

Smør, Pultost
Gjedost
Kjøber til bedste Pris af
Lilleh. ko-operati
Forening.

Havre
Kjøber af B. J. Sandberg, Laurvill
Ga 1 a 3 Uger gammel 6
Købt hos af Sager Kjøber.

Tømmerfjøring
ha 2 Skottiger for en Skottiger
Reklamerer til Skottiger
for for Jøffil og Skottiger - 2
Kjøring. **G. E. Sjøgaard**

Tømmerfjøring
erholdt i Skottiger Skottiger. 20
Skottiger og 20 Skottiger. Skottiger
erholdt i Skottiger.

Et Kvittværelse
erholdt i Skottiger Skottiger. 20
Kjøring. **G. E. Sjøgaard**

Mykje annonsering av vintersportsutstyr

Ein gjennomgang av Gudbrandsdølen frå rundt hundreårsskiftet syner ein overraskande stor aktivitet av annonsørar av vintersportsutstyr. Det er tydeleg at mykje av «synda og styggedomen» frå debatten i ungdomslaget nå hadde gått over til fysisk aktivitet, og det blir hyppig annonsert for salg av «Ski (i alle Længder), Bambus- og Dobbeltstaver, Rustads Skipaabindinger, Patentklemmer, Skistøvler, Gummplader, Raggeladder og Skirør».

Oluf Olsens Sportsforretning på Lillehammer har vinteren 1900–1901 nesten dagleg annonsar for skiutstyr, skeiser og kjelker. Annonsane inneheld i tillegg til sportsutstyr også gevær og revolverar, skuleutstyr, reiseartiklar, sigarar og tobakk.

Det var først og fremst forretningar på Lillehammer som hadde annonsar i Gudbrandsdølen rundt 1900, og 15. januar 1901 er mykje av annonsesida brukt til sportsutstyr. Rustad Skifabrikk på Fåberg, som skal vera den eldste skifabrikken i verda, med skiproduksjon sidan 1872, har eige skiutsal i Spareforeningen. ¹³

Idrettslaga dukkar opp

Trass i iherdig arbeid av *Centralforeningen*, gjekk det ikkje særleg framover med rekruttering av ungdom til idretten i ungdomslaga. Det vart etablert egne idretts- og sportsforeningar. Dette vart sett på som ein trussel for ungdomslaga, og konkurransen om aktive og lokale ressursar var dermed eit faktum alt tidleg på 1900-talet.

Vaage idrettslag, Randsværk skilag og Tessanden Skøiteklub

Så tidleg som rundt 1900 vart det danna idrettslag i Vågå, som arrangerte premieskienn. Dette kan ha vore Randsværk skilag, som etter dokument frå *Centralforeningen* frå 1910 da vart innlemma i Vaage idrettslag. Det er usikkert om Vaage idrettslag eller Randsværk skilag var først ute. Cand. jur A. Blom var registrert som formann i Vaage idrætsforening i 1910, som på den tida var det einaste laget i Ottadalen, saman med Voni u.l. i Lom – som var registrert med idrett på programmet. I tillegg skal det på den tida også ha eksistert eit lag med namnet *Tessanden Skøiteklub*.

Nye folk tok initiativet til å danne eit nytt Vågå idrettslag i 1919, som var registrert med 80 medlemmer i Norges Idrettsforbund i 1926. Vågå AIL vart stifta i 1936. Sjørdalen idrettslag såg dagens ljøs i 1935, samtidig med Vågå AIL. Rett etter krigen vart Lalm AIL, som sikkert var starta nokolunde samtidig med Vågå AIL, omgjort til Lalm Idrettslag. Dette laget rekrutterte aktive frå *industri- og landbruksbygda Lalm*, som det heiter i bokverket *Norske Skiløpere*, utgjeve av Skiforlaget i 1955.

Vågå idrettslag var i 1955 registrert med ski, fotball og friidrett som aktivitetar.

I dag omfattar laget fotball, håndball, ski og friidrett. Andre aktive idrettslag i Vågå kommune er Lalm idrettslag, Sjørdalen Atletklubb, Sjørdalen idrettslag (ski) og Tessand idrettslag (ski) i tillegg til Jetta Luftsportsklubb, Ottadalen sykkelklubb, Vågå Skateklubb og Vågå skyttarlag.



Lalm i.l. var stifta i 1945 og hadde i 1955 ski og fotball på programmet. Klubben var da registrert med kvitt og blått som lagsfargar. I dag har Lalm i.l. i tillegg friidrett- og trimgruppe.



Sjørdalen idrettslag var stifta i 1935 og hadde i 1955 ski og friidrett på programmet. Registrert klubbfare var den gongen blå. ^{15, 16, 17, 36}



Turnforening i Lom?

Vestover i dalføret skal det ha eksistert ei eiga turnforening i Lom tidleg på 1900-talet. Turn var einaste reelle konkurrent til den organiserte skyterørsla på 1800-talet. Det var handverkarar frå Tyskland som hadde med seg turnidretten hit til lands. Turnaktivitetane var meir omfattande enn den vi kjenner til i dag. Mellom anna var song og turgåing ein naturleg del av turnidretten i tillegg til bryting, løp, hopp og kast – mykje av det som seinare har inngått i friidrett. Andre turnforeningar hadde idrettar som roing, fekting, sykling, terrengløp og orientering på programmet.



Noreg tok sine første olympiske gull i turn Athen-OL i 1906, da gymnastikkroppa på 20 mann gjekk heilt til topps.

Noreg var med i OL for første gong i Paris i 1900, med skyttartropp og to utøvarar i friidrett. Turnforeninga i Lom skal ha eksistert fram til rundt 1910. ^{4, 18, 19, 20}

Vaardalen idrottslag

Idretten i Lom var før stiftinga av Lom idrettslag i 1940 organisert av Bøverdalen Skilag (stifta i 1925), Vaardalen idrottslag, Jotun Idrottslag, Medalen Skilag og Lien Idrottslag. Vaardalen idrottslag var registrert i Norges Idrettsforbund så tidleg som i 1922–26, som einaste laget i Ottadalen i tillegg til Vågå idrettslag. Referata i protokollane til Vårdalen idrettslag startar i januar 1936. Da var det registrert 12 lagslemar over 16 år og 8 under 16 år. Aktivitetane i laget

gjekk mykje på friidrett og terrengløp om sommaren og ski vinterstid.

Lom idrettslag vart i 1940 ei samanslutning av alle desse laga. I 1955 hadde laget ski, fotball, skeiser og friidrett som aktivitetar. Klubbfaregane den gongen var kvitt og svart. Lom idrettslag omfattar i dag fotball, idrettsskule, ski- og friidrett og ei eiga trimgruppe.

Garmo idrettslag omfattar i dag grupper for ski, fotball, spinning/sykling, gang og mosjon, dametrim, herrettrim, svømming/bading og allidrett/friidrett.

Også idrettslaget i Bøverdalen har eit vidt spekter av aktivitetar og eigne grupper for langrenn, alpint, tur/trim, duatlon og i tillegg årlege arrangement som Loftsrennet.

Andre idrettsorganisasjonar i Lom i dag er Lom Innebandyklubb, Lom og Skjåk skyttarklubb og Ottadalen sykkelklubb. ^{15, 20, 21, 22, 23, 24, 25, 26}

Fire idrettslag i Skjåk

Midt på 1930-talet var ei aktiv tid for stifting av idrettslag. I Skjåk såg heile tre lag dagens ljøs i løpet av to-tre år. I januar 1932 vart Bråtå Skilag stifta. Same året var det arrangert fjellstemnerenn på Mysubytta med tevlingar mellom løparar frå Bråtå og Jostedalen. Fram til den tid hadde ungdomslaget Bråtålaget stått for idrettsaktiviteten i den delen av bygda.

Året etterpå, i desember 1933, var Nordberg Idrettslag eit faktum med ski og fotball på programmet.

Berre ein måned seinare var så Skjåk idrottslag starta. Laget hadde frå starten av ski, friidrett og skeiser på programmet og arrangerte fleire skirenn alt første vinteren. Eit fjerde lag, Bismo idrettslag, stod oppført som arrangør av skeiserenna på Bismo stadion frå 1954 og utover. Skjåk idrettslag dekkjer i dag alle grendene i Skjåk. Andre idrettsorganisasjonar er Skjåk Pistolklubb, Ottadalen sykkelklubb og Lom og Skjåk Skyttarlag. ^{15, 27}

Skisporten

Ski har vore brukt som framkomstmiddel i uminnelege tider. Midt på 1800-talet voks skiidretten som konkurranseform, og den første skiklubben i verda vart stifta i Trysil i 1861. I 1867 var det første landsrennet arrangert i hovudstaden med i alt 37 deltakarar, og i 1868 gjekk Sondre Nordheim på ski frå Morgedal til Christiania. I 1879 vart det første Husebyrennet arrangert og slalåmsporten nemnd for første gong.

Fridtjof Nansen forserte innlandsisen over Grønland på ski i 1888 og skapte på den måten mykje blest om skigåinga. Amtskulelærer Ole Elveseter, sorenskrivar og seinare justisminister Rolv Jacobsen og Knud Vole var kanskje også inspirert av Nansen da dei tok den første turen opp på Galdhøpiggen på ski. Den same gjengen gjorde tilsvarande tur til Glittertinden året etter.

Ski populært også lokalt

Også lokalt blomstra skisporten på denne tida. Alt i 1860-åra er det omtala skirenn i Sveabakken da den svært skiinteresserte presten Wilhelm Andreas Kaurin hjelpte ungdommen med å få i stand renn. Det var konkurrert i ei utforløype med innlagt tre hopp.

Det vart danna eit eige skilag i Vågå rundt 1900, og fleire renn vart arrangert med premiering både i Sveabakken, i Dampen og på Vangsjordet. Også i langrenn var det fleire renn desse åra, også med deltakarar frå andre bygder.¹⁵

17. februar 1910 hadde Gudbrandsdølen via mykje av ei heil side i avisa til sport. I tillegg til fyl-dig omtale av skirenn i Vågå og stifting av idrettsforeining i bygda var det premielister frå renn både

i Moelv og Vågå. Mr. John Syverson, Cooperstown i Nord Dakota hadde sendt heim til Vågå premiar og pengar til Vågå ungdomslag for å få skistemnet i stand.

Skirendet i Vaage

Skirendet i Vaage tok sin Begyndelse Lørdag den 12. ds. Kl. 9 Morgen i udmærket Veir med ca. 5 Kuldegrader. 10 Længdeløbere startet.

Løbet gik ogsaa iaar fra Vaage Kirke – opover Kvitbakkerne til Toppen av «Britbrækka» (en Stigning fra 1100 til ca. 3000 Fod) – videre nedover Kveene og tilbage til Startstedet. Samlet Længde ca. 2 1/2 Mil. De første blev Knut Skjelhaugen, Einar Skjelhaugen og Anton Haugen. Tid ca. 2 T. 40 M. Et særdeles tilfredsstillende Resultat i et saapas langt og anstrængende Løb. I Længderendet for Jenter – ca. 7 Kilom. langt – blev de første Anne Skjelhaugen, Mari og Gunhild Sandbu. Om Eftermiddagen afholdtes Hop- og Staarend i Præstgaardsdompen for Skolebørnene. Det var her morsom at se en liden 6 Aaring – Johan Thorud – sætte ud over Hoppet. Sligt skaber Mænd. Den lille Gut fik en velfortjent Extrapræmie.

Søndag den 13. Kl. 3 Efterm. tog Hopløbene sin Begyndelse i Sveajordet. Flere hundrede mennesker overvar Løbet. Jordet danner en ganske imponerende Bakke. Naar derfor Hoplængderne alligevel ikke blev mer end optil 16 Meter, da var dette hverken Løberne, Arrangørerne eller Bakkens Skyld. Det var Veirguden, der nu svigtet. Bakken laa den hele Formiddag badet i Sol. Naar hertil kommer, at hele Løbet foregik i 2 a 3 Gr. Varme, saa Skierne hang igjen baade ovenfor og nedenfor Hoppet, da vil enhver forstaa, at Resultatet ikke kunde bli anderledes.



Frå skirenn i Sveabakken i Vågå tidleg på 1900-talet. Foto utlånt av Kjell Andersen.

I den samme Bakke har en av Deltagerne i Vinter præsteret staaende Hop paa optil 25 Meter og Hop med Fald paa 30 meter.

Først hoppet Gutter mellem 15 og 18 år. Her var mange Fald – men ogsaa flere vellykkede Hop. De 3 første Præmier tog Johannes Løkke (?), Sylfest Frisvold og Harald Storviksranden. Derpaa kom det mest spændende Løb – Hoprendet for Mænd over 18 Aar. Der leveredes i denne Afdeling mange energiske og stilige Hop. Begge Gange stod Einar Skjelhaugen, Paul Berg og Amund Berg, der ogsaa tok Præmierne i den anførte Oden.

Om Kvelden var det Fest i Solvang med Præmieuddeling, hvilken foretoges af Lærerne Skrede og Uft. Hr. Skrede fremholdt, at det vilde glæde den gavmilde Amerikaner, der atter havde vist sin Velvilje overfor Bygden – at høre – at Tilslutningen havde været saa stor, idet det i Rendet havde været over 60 aktive Deltakere.

Tilslut oplyste Hr. Uft, at Cand. jur. Anton Blom desværre var kommet for sent til Lodtrækningen, hvorfor han havde deltatt i Længderendet udenfor Konkurransen. Hr. Blom var Nr. 1 i Tid av længdeløberne, og kunde han end ingen Præmie faa, saa havde han dog vundet det vigtigste, hemlig «Æren», hvorpaa Hr. Blom modtog de fornødne Ovationer.

Efter Præmieuddelingen greb Cand. jur. Blom Ordet og foreslog for Forsamlingen, at der burde dannes en Idrætsforening i Bygden. ... Talen blev modtat med Haandklab, og der tegnede sig paa Stedet over 50 Medlemmer, ligesom der bebudedes, at den nystiftede «Tessanden Skøiteklub» vilde gaa ind i Foreningen. Det er den almindelige Tro, at Bygden vil faa stor Glæde af, at dette Skridt endelig er tat, og Hr. Blom fortjener Tak herfor.

Intet samler og udvikler kameratskab, Æresfølelsen og Legemet mere end Idrætten – og ikke mindst de afholdte Løb viser, at Interessen allerede er stor, samt at der ved Ledelse og maalbevidst Arbeide er særdeles brugbare Emner for Sportslivet her i Bygden.

Kun (?) maa de altid holdes for Øie, at al Politik og alle Splittelsessemner helt banlyses fra Foreningens Enemærker. Thi kun under den Forudsætning vil Foreningen altid kunne paaregne almindelig Sympati i Bygden. Programmet bør selvsagt alene være, at udvikle en sund Sjæl i et sundt Legeme – og med dette for Øie bør en energisk Bestyrelse – sammensat av Sporsmænd – vælges.

Vaage den 14. Februar 1910.

O. M.

Desse fekk Præmi:

I Lengderenn for vaksne Gutar:

1. Pr. Knut Skjelhaugen.
2. " Einar Skjelhaugen.
3. " Anton Haugen.
4. " Hans Ræpen.

II Lengderenn for vaksne Gjentor.

1. Pr. Anne Skjeldhaugen.
2. " Mari Sandbu
3. " Gundhild Sandbu.

III Hoprenn for Gutar over 18 Aar:

1. Pr. Einar Skjelhaugen.
2. " Paul Berg.
3. " Amund Berg.

IV Gutar millom 15 og 18 Aar.

1. Pr. Johs. Løkken.
2. " Sylfest Frisvold.
3. " Harald Storviksranden.

V Bakkerenn for vaksne Gjentor:

1. Pr. Anne Skjelhaugen.

VI Hopprenn for Gutar millom 12 og 15 Aar.

1. Pr. Ole E. ? Bakken.
2. " Ivar I. ? Øyen.
3. " Karl Moh.
4. " Oskar Øyen.
5. " Asmund Bu.
6. " Kaspar Øverstedal.

VII Gutar under 12 Aar:

1. Pr. Mathias Øyenn
2. " Tor Valdvik.
3. " Simen Aasgaard.
4. " Olav O. Øygarden.
5. " Rolf Frisvold.

VIII Gjentor under 15 Aar:

1. Pr. Mari Kvarberg.
2. " Ragnhild Sæta.
3. " Anne Sæta.
4. " Gunhild Sørumsaugen.

Desse fekk Ækstrapremi:

Johan Thorud som yngste Rennar. Amund Berg for lengste staaende Hopp. Einar Skjelhaugen fekk Ungdomslagets Vandrepsemi. Alt i Alt var det med i Rennet ikring 60 Barn og 30 Voksne.

A.S.

Etter fyrste verdskrig

Da den fyrste verdskrigen var over, vakna idretten til liv att. Bråtålaget ungdomslag skipa til skirenn i 1920, og Vågå idrettslag vart stifta (1919) mellom anna med ski på programmet.



Nå var det ein annan pengesterk herre med tilknytning til Vågå som stilte opp med midlar. Skipsreiar Fred. Olsen kom med ei skikkeleg vitamininnsprøyting da han i 1923 som eigar av Sandbu ga laget ein stor vandrepokal – Sandbupokalen. Olsen var svært idrettsinteressert og heilt sikkert inspirert av dei fyrste olympiske vinterleikane i Chamonix, der Thorleif Haug tok tre gullmedaljar – mellom anna i kombinert. Einaste kravet skipsreiareren stilte, var at langrennsløypa skulle krysse Sandbujordet, slik at han sjølv skulle vera sikra orkesterplass.

Det vart tevla i hopp og langrenn mellom laga i Nord-Gudbrandsdalen, noko som skapte stor interesse for skigåing i åra som kom. Hopprenna var arrangert i Håkenstadbakken, der det var ein 40-meters bakke. Vandrepokalen skulle vinnast tre gonger, det vart konkurrert med tremannslag, der dei to beste skulle telje. Det var på den tida stor giv i arbeidet og ei svært positiv haldning både til å delta og hjelpe til. Fred. Olsen-renna arta seg utover i 1920-åra som reine festdagane i Vågå. Det var konkurrert om Sandbupokalen til langt ut på 1960-talet – dei siste åra som stafett.

11, 15, 28, 29



Fred. Olsen-renna arta seg som reine festdagane i Vågå. Foto utlånt av Kjell Andersen.

I 1928 hengde Vågå idrettslag seg på med eit vandreskjold i skikonkurranse mellom skulane i bygda. Dette vart arrangert første gongen i 1928, eit tiltak som heldt på til lenge etter krigen. Det vart etter kvart hoppinga som stod i sentrum også i denne konkurransen – i tillegg til at det kunne gå hardt for seg med slåsskampar på berre nevane etter at konkurransen var over. ^{15, 30}

Jett-løpet

Jett-løpet mellom Vågå og Dovre var arrangert rundt påsketider frå før krigen og fram til midten av 1950-åra, med opphald i krigsåra. Før krigen var det arbeidaridrettslaga som stod som arrangør. Det var start og innkost i Dovre og Vågåmo annakvart år. Løypa skulle vera tre mil og gjekk gjennom Jettaldalen med matstasjon på Jettsætra. Deltakartalet i løpet gjekk drastisk ned på 50-talet. Andre store turrenn gjekk samtidig – og Birkebeinerrennet helga etterpå – noko som nok kunne vere ein medverkande årsak til at det vart slutt på løpet mellom Vågå og Dovre. ^{15, 30, 31, 32}

Stor aktivitet i Bråtå

Tamreindrifta i Skjåkfjella hadde ført med seg mange nye impulsar til skimiljøet i Skjåk. Framande reinsgjetar – mange samar – kom til Bråtå med nytt skiutstyr og andre måtar å bruke utstyret på. Somme hadde ski på opp til 3,5 meter, og fottøyet dei brukte, var laga av rein-skin. Skibindingane var tåband av skinn med langreimar og bakbinding.

Bråtå skilag har på mange måtar vore eit lokomotiv for skiidretten i Skjåk. Frå første stund etter stiftinga i 1932 var det arrangert skirenn av ymse slag – prøverenn, treningsrenn, premierenn og pokalrenn. Det kunne også vera lange løyper, mellom anna over Bråtååsen og Framrustelve til langt inn i Framrust- og Botli eller treningsrenn til Sota med matstasjon med havresuppe på Sota.



Skirenn i Bråtå ved Nørdre Mork rundt 1935. Foto: Skjåk historielag.

Uppnose rundt vart arrangert første gongen i 1950 og vart fort eit svært populært renn. Etter nokre år med avlysing på grunn av snømangel, vann Oddbjørn Kluften frå Sjørdalen det siste «Uppnose rundt» i 1962. Dette turrennet vart også siste skirennen arrangert av Bråtå skilag som sjølvstendig lag.

Tevling mellom Bråtå og Jostedalen

Langfredag i stiftingsåret 1932 for Bråtå skilag var det klart for langrenn på Mysubytta med tevling mellom Bråtå og Jostedal, og det vart sett opp ein pokal, «Handspikpokalen», og ein einmannspokal.

Resultat frå det første rennet:

1. M. Bøen, 160 pts.
2. S. Bruheim, 154 pts.
3. Sv. Mork, 148 pts.
4. Edv. Bøen, 146 pts.
5. K. Espe, 145 pts.
6. J. Hesjevoll, 139 pts.
7. Sig. Mork, 136 pts.
7. P. Øvregård, 136 pts.
7. M. Storbråten, 136 pts.
10. S. Partapuoli, 121 pts.
11. N. Partapuoli, 97 pts.
12. H. Tuva, 78 pts.
13. S. Tuva 60 pts.

26. mars 1933 vart andre tevlinga om Handspikpokalen halden i Jostedalen. Bråtingane skal da ha bore med seg hoppski over fjellet til Jostedal, og vart svært godt mottekne. Bråtingane kjøpte ski av bjørk i Jostedal som dei bar med seg attende til Bråtå.

Det er uvisst korleis denne kontakten mellom Jostedal og Bråtå kom i stand. Krøterhandlarar frå Jostedalen var årvisse i Bråtå, og ferdslar mellom

Jostedalen og Ottadalen har det vore i uminnelege tider. Krigen sette ein stoppar – også for skitevlingane mellom bråtingane og jostedølane, og tradisjonen vart ikkje teken opp att før i 1953.

*Det var skikkeleg fest når Bråtå skilag inviterte til skitevling mellom Jostedal og Bråtå. På ein fin og solblank langfredag i 1932 hadde svært mange teke seg fram på ski til Mysubytta. Det kom folk og følgje tå alle slag. Same Johannes Partapuoli i sin fargerike samebunad. Og den ruvande Svein Kvitingen, sjølv Sotkongen. Det kom fleire, mest ungdom naturleg nok, mange jenter både frå Bråtå og lenger nede i bygda hadde teke seg fram den lange løypa til Mysubytta. Det var stim og ståk og stell der startplassen for rennet skulle vera.*¹¹

Vårdalen idrettslag med tevlingar mot Bøverdalen skilag og Skjåk

Det var eit svært aktivt miljø i Vårdalen før 2. verdskrig, med pokalkampar mot lag både frå Bøverdalen skilag og Skjåk. I 1947 vart det sett i gang pokalrenn mellom Lom og Skjåk, der Lom og Skjåk sparebank sette opp pokalen. Det var konkurrert i skeiser, langrenn og slalåm. Det var berre dei vaksne som konkurrerte. I Lom vart skeiserrennet arrangert på Åsjo, og mykje av skiaktiviteten gjekk føre seg i Bøverdalen, mellom anna med slalåm på Bakkebergjordet. Bankpokalen er nemnd i styreprotokollen til Lom idrettslag i 1950, men ikkje seinare. Det er mykje som tyder på at det vart med desse tre åra.

I 1948 vart det sett opp ein ny statuett av Lom og Skjåk ysteri for å fremje skiidretten i Lom og Skjåk. Denne vart det konkurrert om i stafett.^{11, 20}



Frå skitreff mellom Jøstdølar og Bråtingar på Mysubytta på 1930-talet. Foto: Skjåk historielag.

Eit vell av hoppbakkar

Det er oppsiktsvekkjande kor mange hoppbakkar det har vore i Ottadalen. Dette fortel mykje om kor sterkt hoppporten har stått. Alt i 1860-åra er det omtala hopprenn i Sveabakken i Vågå.

Kjell Andersen, som sjølv var ein ivrig skihoppar, hugsar Sveabakken frå lenge før krigen. Men storbakken i *Dompa* ved prestegarden i Vågå var den bakken Kjell hugsar best frå barndommen. Her var det skuleskirenn og kretsskirenn lenge før andre verdskrig. Unnarennet i *Dompa* var bygt opp med treverk – eit avansert anlegg etter den tid.



Øyvind Andersen som unggut i *Dompa*.
Foto utlånt av Kjell Andersen.



Påskerenn med "rakstårstil" i *Bessheim*.
Foto utlånt av Kjell Andersen.

Også i Håkåstadbakken var det hoppa lenge før krigen, mellom anna da kampen om Sandbupokalen starta i 1923. Andre hoppbakkar i Vågå var Grotheimsbakken der trafostasjonen ved Finna ligg nå, og Klonesbakken oppi Sundlii. Denne vart øydelagt av flaumen i 1938.

I Håkåstadbakken og Grotheimsbakken vart det hoppa 30–40 meter. Rett overfor for desse bakkane – på sørsida av Finna – der bustadfeltet i Langskåra ligg i dag, var det i sekstiåra ein hoppbakke der det kunne hoppast bortimot 50 meter.

På Lalm har Rinddalsbakken i Bjølstadskogen vore i bruk heilt fram til i våre dagar. Dette er kanskje den bakken der det var hoppa lengst i Vågå – borti 50 meter. Elles er Barhaugbakken, oppført som Lalm i.l. sin skibakke i 1955. Denne hadde da ein bakkerekord på 43 meter. Det var også ein tredje bakke på Lalm – Skårsbakken.

Hoppnanlegget i Bråtå

Det har vore hoppa i Bråtåbakkane så langt attende folk kan hugse. Stiftinga av skilag i 1932 sette i sving tankane om eit meir tilrettelagt anlegg. Hausten 1933 var arbeidet med hoppbakken i gang, men det var eit seigt og tung arbeid gjort som dugnadsarbeid med handmakt. Dessutan var kassa til skilaget heilt tom, men eit overraskande statstilskot fekk fart i arbeidet. Tømmeret frå ryddinga nedst i bakken vart brukt til bygging av stilas.



Hopprenn i Bråtå i rett etter andre verdskrig.
Foto: Thorleif Andersen. Skjåk historielag.

Langhaugbakken hadde i 1955 eit kritisk punkt på 35 meter og bakkerekord på 36,5 meter sett av Øyvind Andersen i 1948. I tillegg til hovudbakken var det også ein *gutebakke* ved sida av.

Hoppanlegget i Bråtå var mykje nytta for hopparar også frå andre delar av landet. Løparar frå andre bygder reiste til Bråtå på treningssamlingar. Også frå Lillehammer var det løparar oppover på trening og renn.

Bråtåbakken var rett etter krigen eit svært avansert anlegg – og den einaste den tida med ljøs. Det ha seinare vore på tale å utvide anlegget slik at det kunne hoppast opp mot 50 meter, men dette vart det ingen ting av. Hoppbakken i Bismo har ikkje vore brukt på ein del år. ^{15, 30}

Hoppmiljø i Bøverdalen

Også i Bøverdalen har det vore stor hoppaktivitet. Hoppbakken i Bjørnalia var registrert med kritisk punkt på 50 meter og vart bygd av Bøverdalen skilag. Bakkerekorden skal vera 39,5 meter, sett av Olav Mork frå Bråtå i 1951. Simon Slåttvik, OL-vinnar i kombinert frå Oslo 1952, skal ha strekt seg til 57 meter i anlegget i eit renn midt på 50-talet.

Hoppbakken ligg der den dag i dag ved Myttingsvegen, men har ikkje vore brukt på mange tiår. Det var lagt stort arbeid i anlegget da den vart bygd sist på 1930-talet. Opninga skjedde med pomp og prakt og mykje folk i 1937 eller 1938. Åmund Elveseter stod for den offisielle opninga. Etter krigen vart bakken endra, mellom anna med ny kul.

Det har vore aktivitet i Bjørnaliabakken også i nyare tid. På 60-talet var det rydda bort kratt og vegetasjon. I tillegg vart hoppet heva for å få ei betre svekurve i bakken. Det opphavlege hoppet var svært høgt – ein såkalla fallbakke. På 60-talet vart området på nytt rydda, og det vart hoppa i bakken eit par år. Skiforbundet var inne i bildet ei tid med detaljerte planar for ein 70-meters bakke. Det var den ikkje ukjende Ingolf Mork som stod for dette planarbeidet i forbundet. Det ligg godt til rette for ein bakke med slike dimensjonar i Bjørnalia.

Også på Sulheim har det vore hoppbakke, som vart restaurert i 1945 og mykje nytta til renn. ^{15, 20, 35}



Hoppbakken i Bjørnalia i Bøverdalen frå 1930-talet vart teken i bruk att på 60-talet. Øvst Odd og Guttorm Repp og i svevet Svein Vole. Foto: Sigurd Eggen.

Brimibakken og Lyngvesbakken

Det aktive idrettslaget i Vårdalen arbeidde midt på 1930-talet med planar om ein hoppbakke også i Garmo. Hans Brimi stilte areal på baksida på Brimi til disposisjon, og alt neste vinter var det invitert til hopprenn i Brimibakken – eller Keitrabakken, som han vart kalla. *Entre i bakken* var kr 0,25. Prosjektet med hoppbakke på Brimi vart nok ikkje særleg vellykka, for alt i 1938 var styret i Vårdalen idrettslag ute med ein ny plan – denne gongen i *baksida* på Lyngve. Eit planlagt hopprenn i regi av Vårdalen idrettslag i februar 1938 vart avlyst på grunn av dårleg føre i bakken.

22

Nord-Gudbrandsdalen på det internasjonale skikartet

Mot slutten av 50-talet var det så som så med idrettsaktivitet rundt omkring i bygdene. I Lom var det lite aktivitet. Berre skeisegruppa var aktiv. Det var var ei stund aktuelt å leggje ned heile idrettslaget i Sjørdalen.

Men, etter at Kluft-brørne frå Sjørdalen vart å finne heilt oppe på toppen av nasjonale resultatlistar i langrenn, vart det igjen fart i sakene. I tillegg var det mange andre frå Nord-Gudbrandsdalen som hevda seg. Bekkemellom, Kluften, Steineide, Botten og Ryen frå Sjørdalen, Faulstad og Heidal vart landskjende for bragdene sine i skisporet. Gullalderen i Nord-Gudbrandsdalen var eit faktum.

Brørne Leif og Halfdan Kluften deltok i det første skirennet sitt utanfor heimbygda i 1959 i eit kretsmeisterskap i Gausdal. Gutane fekk hjelp av sjølvaste Håkon Brusveen til å smørja skiene og gjekk inn som nummer to og tre. Året etterpå vart det same plasseringar på dei to under noregsmesterskapen på Gjøvik. Leif, som var sett på som eitt av dei største langrennstalenta som har vakse opp i Gudbrandsdalen, fortsette framgangen og vann juniorklassa i Holmenkollrennet i 1960.

Men det er stafettbragdene dei fleste knyter til Sjørdalstrioen. Halfdan Kluften, Erling Steineide frå Murudalen i Heidal og Arne Botten frå Dovre gjekk inn til ein oppsiktsvekkjande sjetteplass i debutåret 1962 i Molde. Men det skulle gå berre eitt år til, så var den same stafett-trioen å finne heilt på toppen av pallen. Ei bragd dei gjorde opp att både i 1964 og 1965. I 1964 under NM på Voss vart Faulstad IL med Arvid og Per Ryen og Reidar Bekkemellom nummer fire. Sjørdalen og heidølane prega deretter resultatlistene i herrestafett heilt fram til på 1970-talet



*Halfdan Kluften med flagget på armen.
Foto utlånt av GD, arkiv.*

Terje Kleiven i Vågå har skrive boka *Ski-eventyret* (2007) om bragdene til desse skiløparane frå Nord-Gudbrandsdalen. *Dei kom frå bureisarbruk, frå småbruk og baksida. Dei kom frå skogen og fjellet, og sette sine skispor i inn- og utland. Gjennom 1960-åra representerte dei ein gullalder for skiidretten i Nord-Gudbrandsdalen – som ingen har sett korkje før eller sia. ... Hardt fysisk arbeid frå unge år gav trening – ikkje berre for kropp, men også for det som sat mellom øyrene. Den mentale styrken bar dei med seg, gjennom samhald og godt humør, gjennom leitt og løyleg.*

Alpint i Bøverdalen

Slalåmidretten gjorde sitt inntog i Gudbrandsdalen i 1935 etter at Norges skiforbund hadde opna opp for ei rekkje spesialfelt for skiløparar. ¹⁵

I Lom, og særleg i Bøverdalen, var det på 50- og 60-talet eit godt alpinmiljø, med aktørar som hevda seg godt til og med nasjonalt. Slalåmbakken på Sulheim var lenge mykje brukt og var i starten eit avansert anlegg til og med med lys. Både i 1951 og 1952 var det arrangert kretsmeisterskap i anlegget med deltakarar frå heile Gudbrandsdalen. Det var Lom idrettslag som var arrangør i ei løype på om lag 700 meter og eit fall på 180 meter. Trass i at renna var vellykka med mange tilskodarar, var det likevel ikkje alle som var tilfreds. Ein av deltakarane hadde eit lite positivt innlegg i Gudbrandsdølen i etterkant av arrangementet i 1952: *Det har begge år vært en ugledelig ånd over løperne når de skulle starte på toppen av løypa. Det skyldes vel forresten kanskje mest at man har måttet kjøre med stein og einebusker godtsom under skiene. ... Stein og bjerketre hadde man nærmere portstolpene enn som sunt var. Trær og steinrabber i forbindelse med ishardt føre er ikke bra.*

Sulheimsbakken var i bruk i mange tiår, og var eit ynda mål for mange lokale skientusiastar i helgene. Seinare var det stor aktivitet i skitrekket på Bøverkinnhalsen.



Alpint på 1970-talet.

Foto utlånt av Egil Olav Nyrnes.

Alpinbakke i Andvordstrædet

Mot slutten av 60-talet vart det sett i gang arbeid med oppretting av alpinbakke i Andvordsjordet i Lom. Det vart lagt ned svært mykje dugnadstid på anlegget, men dei grønne vintrane med mildvær og lite snø på 70-talet gjorde det umogleg å ha aktivitet i anlegget.

Det lengste skitrekket i Noreg

I Vågå vart Jetta skitrekk opna i 1964. Med sine 1860 meter var den gongen det lengste skitrekket i Noreg. Anlegget var lenge svært populært. ³⁶



Frå Køyingsrenn i Jetta skitrekk 70-talet.

Foto: Kjell Andersen.

Galdhøpiggrønnen

Galdhøpiggrønnen frå Svellnose ved Galdhøpiggen og ned til Spiterstulen vart arrangert første gongen i 1934. Etter eit langt opphald vart tradisjonen teken opp att i 1988, og rønnen er eit årleg vårinnslag med mange tilreisande. Rønnen blir arrangert av Ullensaker Skiklubb.



Heile den alpine verdselita var ei stund med på det spektakulære Galdhøpiggrønnen frå Keilhaus topp og ned til Spiterstulen i Visdalen. Foto frå løpet i 1990: Truls Røise, GD fotoarkiv.

Isskeiser heilt attende til vikingtida

Isskeiser er nemnde så langt attende som i vikingtida i Snorres Kongesaga. Snorre skriv at Øystein Magnussøn meinte han var den beste skeiseløparen.

Den første kjende tevlinga var i England i 1763, og på 1800-talet var det konkurransar både her til lands og i England, Nederland og Tyskland. 1700-talet var eit kaldt hundreår, med mykje is på elver og vatn, og dermed vart det gode tilhøve for skeiseløp.



Skøyteløp på Zuiderzee ved Hindeloopen, Nederland i 1828. Frå wikipedia.

Christiania Turnforening hadde skeiserenn på sjøisen utanfor Akershus festning 1. mars 1863. Der skal det ha vore 10 000 tilskodarar til stades. Året etter vart Christiania Skøjtetklub stifta, sannsynligvis den eldste skeiseklubben som finst.

I 1884 vart Axel Poulsen utropt til *The Amateur Champion Skater of the World* etter å ha vunne eit løp over 25 engelske mil i New York. I 1893 vart den første offisielle verdsmeisterskapen arrangert på Museumsplein i Amsterdam, med nederlandske Jaap Eden som vinnar. Norges Skøjtetforbund (NSF) vart stifta i 1893 og er det eldste særforbundet i landet.⁵

Utover på 1800-talet var det å møtast på skeiseisen rett og slett mote. I Trondheim gjekk skeisebana på Kongsgården under namnet *forlovelsesbanen*. Om det var romantikken som fekk ottadølane ut på glattisen, er ikkje godt å seia, men skeisene vart tekne i bruk tidleg også i våre delar av landet. I eit referat frå eit møte om danning av idrettslag i Vågå fram at det så tidleg som i 1910 var danna eit lag med namnet *Tessanden Skøjtetklub*.³³

Ferdsel på isen

Elva var den naturlege ferdselsvegen vinterstid. Når isen hadde lagt seg, var det isveg heilt frå Vanglandet i Vågå til Ånstadøya i Skjåk.

Utover seinvinteren, etter at sola hadde fått godt tak på isen, var det eit yrande liv av både unge og eldre på isen. Der smeltevatnet hadde frose, var det god skeiseis mange stader frå Marloshølen i Skjåk og heilt ned til Grjotheimsgardane i Lia. På Åsjo har det vore stor aktivitet heilt opp til våre dagar. På Vågåvatnet, heilt frå Garmo til Vanglandet, låg det også godt til rette for skeisegåing.¹²



Stor skeiseaktivitet på Åsjo i 1927. Foto: Ivar Risheim. Skjåk historielag.

Skånsarskeisene ei nyvinning

Det var dei såkalla trestokkskeisene som var brukte når bygdefolket samlast på isen utover seinvinteren. Det var mange flinke smedar og handverkarar som laga desse skeisene, og kvar produsent hadde ofte sine eigne spesialitetar. Trestokkskeisene var rett og slett trestokkar med påmontert jern som vart festa til skoa med band, som vart surra fast over foten med trekvistar.

Nils og Ole Skånsar, som hadde smie, sagbruk og mølle på Bergom, tok til å lage stålskeiser der trestokkane vart skifta ut med ei jernplate både til hælen og solen. Skånsarskeisene var i produksjon frå slutten av 1920-talet, og var den gongen eit stort framskritt. Skånsarskeisene hadde smalare stål enn dei gamle trestokkane og glei dermed lettare på isen.



Trestokkskeiser. Foto: Jølstramuseet.

Frå Skim til Stensgardsåya

Det var ungdomslaget Fram i Skjåk og U.L. Loar som starta opp med skeiserenn på Ottaelva. Det var også regelmessige bygdeoppgjjer mellom Lom og Skjåk. Desse løpa vart arrangert på Åsjo eller på Ottaelva og utvikla seg til å bli skikkelege prestisjeoppgjjer, og som ikkje sjeldan vart avslutta med reale snøballkrigar.

Etter krigen vart det i regi av Skjåk idrettslag starta opp med tilrettelegging av skeiseanlegget på nordre Stensgardsåya. Det vart lagt ned mykje dugnadsarbeid på anlegget, og i 1948 vart skeisebana opna. Dette var eit etter datida moderne anlegg med ljøs, varmebu og lydanlegg, og det vart lagt ned eit stort arbeid for å få ei best mogleg isflate.



Lars og Olav Gjeilo på skeiserenn på Skim i 1940.



Frå renn på nordre Stensgardsåya rundt 1950.
Foto: Lars Gjeilo. Skjåk Historielag.

I fleire vintrar framover vart det arrangert store skeiserenn på nordre Stensgardsåya med deltakarar frå heile Gudbrandsdalen og heilt frå Oslo og Trondheim. Lillehammer Skøyteklubb var faste deltakarar, og det var mykje skryt av det flotte anlegget i Skjåk i Lillehammeravisene. På eit nasjonalt renn i regi av Norges skøyteforbund i 1950 synta anlegget i Stensgardsåya seg frå si beste side, med strålende sol og eit yrande folkeliv. Skjåk idrettslag selde 1800 billetter til dette rennet.

Stor interesse for skeiser

Skeiseinteressa tok seg stadig opp, noko som mellom anna resulterte i at løparar frå bygda totalt dominerte kretsrenn og -meisterskap i Gudbrandsdalen. Og i åra som kom, var det arrangert mange store skeiserenn i Bismo. Andre sundagen i mars utvikla seg til å bli ein skikkeleg festdag, og Bismo vart eit mekka for skeisesporten.

2000 tilskodarar

Søndag 14. mars 1954 var 2000 tilskodarar samla rundt Bismo stadion da Bismo idrettslag arrangerte kretsrenn. Utanom tevlinga var internasjonale storleikar som hollenderen Kees Broekmann, engelskmannen Johnny Cronshey, Ivar Martinsen, Øistein Frang og Skjåk sin eigen Steinar Bøje inviterte til å gå oppvisningsrenn.



Oppslag i Gudbrandsdølen fredag 12. mars 1954.

I forkant av løpet brukte Gudbrandsdølen ei heil side på omtale av Bismo-fenomenet under tittelen *Samhold har skapt Davos-bane i Bismo*:

Det er ikke vanskelig å se at det store skøyte-stevnet i Skjåk neste helg har skapt skøytefeber i Ottadalen. På en rask tur opp gjennom dalen vil en over alt legge merke til at der hvor elveisen gjør det mulig, har energiske hender ryddet til større og mindre baner. Ungdommer i alle aldre glir rundt på blankt skøytestål også vidt en ikke fagmann kan se, er det ikke mye som mangler på at også stilen er i orden. Aller hardest raser naturligvis skøytefeberen i Bismo, hvor det store slaget skal stå. ...

Banen ligger usedvanlig vakkert til oppe på en furumo, midt i dalbunnen og like ved riksvegen. Med det majestetiske Tverrfjellet på den ene siden av dalen og med det steinrike Bispberget på den andre, faller det lett å tenke på bildene en ser fra de sveitsiske eller italienske skøytebaner. En skal derfor ikke fortenke skøytelederne i at de her har lyst til å bygge ut en norsk Davos-bane.

Skeiserennet i Bismo i 1954 vart ein stor suksess med rundt 2000 tilskodarar som omkransa stadion. Det var ideelle tilhøve, 80 startande og det vart oppnådd svært gode tider. Dermed var grunnlaget for Bismo som det Noregs Davos eller Alma Ata lagt.

Øvst sekretariatet med Ola Tjønneland som skrivar. Speaker var Bjarne Grønfur. Hollenderen Kees Broekman skriv autografar.

Bildene frå stemnet er tekne av sokneprest Knut Hol og utlånt av Skjåk historielag.



Varmegrader og snøstorm

Nøyaktig eit år seinare, 13. mars 1955, låg alt til rette for eit nytt, stort arrangement i Bismo. Denne gongen annonsert som *Internasjonalt skøyte løp*. Storleikar som Hjallis, stortalentet Steinar Bøye frå Skjåk, engelskmannen Cronshey, Sigmund Søfteland, lomværen Stein Haugen, Roald Kongsmo, australiaren Roy Tutti og amerikanaren McDermott var påmeldt. Det var med andre ord internasjonalt miljø i Bismo denne dagen.

Aldri før har vel så mange vore til stades på eit idrettsarrangement i Ottadalen. Om lag 2500 personar hadde møtt opp frå fjernt og nært. Publikum kom reisande frå heile Gudbrandsdalen og til og med i bussar frå Ålesund og Åndalsnes. Folk kom til fots, syklande og det var bråtevis med privatbilar.

Åtte varmegrader laurdag før løpet og ein frykteleg snøstorm på formiddagen søndag sette det nye, flotte anlegget i Bismo totalt ut av spel. Det var ingen hjelp i iherdig innsats med brøyting. Løpet vart spolert. Mildvêret hadde tæra hardt på isen. Etter omtala i Gudbrandsdølen etter rennet likna bana meir på ei hengemyr en på ei skeisebane. Tre timar før start stod dessutan snøvêret så tett at det ikkje var råd å gjennomføre noko løp. Det letta likevel såpass at nokre kunne starte og gjennomføre sine løp. Stemnet fekk meir ein karakter av oppvisning for at publikum likevel skulle få litt valuta for pengane.



Frå Gudbrandsdølen etter uvêrsrennet i Bismo.

13. mars ulykkesdagen

Nedbørsmengda denne store dagen i Bismo skal ha vore rekordstor. Eldre skjåkværer skal ha hatt forklaring på uhellet. 13. mars var nemleg ulykkesdato i Skjåk! Det kan leggjast til at det hadde vore glitrande tilhøve i Bismo helga før rennet, og helga etterpå var det igjen strålande is på Bismo stadion. Den planlagde festen med premieutdeling i Nordberg skule vart likevel gjennomført. Hjallis gjennomførte sitt kåseri med filmframvising, helsa på publikum og skreiv autografar.



Hjallis i Bismo. Foto utlånt av Skjåk historielag.

Arrangørane gjekk likelvel på med krum hals også året etterpå, og det vart to strålande skeisedagar i Bismo i mars 1956. Uvêret året før hadde ikkje skremt bort dei aktive, og storleikar som Alv Gjestvang, Kees Broekmann og Torstein Seiersten dominerte resultatlista. I tillegg fekk mange lokale talent vist fram kva dei kunne. Denne gongen var det klar himmel og temperatur på minussida. Det var rekna til saman 3500 tilskodarar i Bismo dei to dagane løpet varte.

Vagverene melder seg på

Men det var ikkje berre i Skjåk det var stor interesse for skeiser. Skeisefebereren herja i heile Ottadalen, og det var arrangert grenderenn og skulerenn både i Skjåk, Lom, Garmo og Vågå.

I Vågåmo vart det på 1950-talet ei bane på 333 meter med flaumljos og klubbhus. Kvaliteten på



Skeiseløp i Vågå ca. 1965. Foto: Kjell Andersen.

isen var også slik at folk kom lange vegar for å prøve seg på rekordar. I 1956 arrangerte Vågå IL ein svært vellykka kretsmeisterskap med stort oppmøte og gode tider. Dette var helga før Skjåkværane på ny fylte opp Bismo stadion med verdsstjerner og publikum frå alle landsdelar.

Året etterpå var stjernene samla i Vågå til nasjonalt skeiseløp, med 1500 tilskodarar og rekordresultat på isen. Dette rennet vart arrangert på den noko uvante 300 meterbana. I 1958 var det på nytt stemne i Skjåk med Broekman, Seiersten, engelskmannen Ravn og lokale heltar som Steinar Solberg og Arnfinn Marsteintrædet på startstreken.

I Vågå var det nasjonale renn andre helga i mars kvart år fram til 1966.

Stor skeiseaktivitet i Grov

Mot slutten av 1950-talet voks det fram eit entusiastisk skeisemiljø i Grov. På den tida var det liten aktivitet elles innan idretten i bygda. Grov vart derfor ein viktig samlingsstad. Åsjo var framleis brukt som skeisebane, men frå og med 1956 var skeisegåinga i gang for fullt i Grov. Det vart arrangert ei mengde renn, både kretsrenn, kretsmeisterskap og renn med lokalt preg. Isen var også mykje brukt av skulane. Det baud på mange utfordringar å få lagt og vedlikehalde skeiseisen også i Grov. Ofte vart isen dekt med fin sand. I tillegg vart dei *grøne vintrane* på 1970-talet eit stort problem også for skeisesporten.^{12, 34}

Kjelder temadel:

- ¹ no.wikipedia.org/wiki/Sport
- ² www.nrk.no
- ³ no.wikipedia.org/wiki/Sport
- ⁴ Historien om norsk idrett. Matti Goksøyr.
- ⁵ no.wikipedia.org
- ⁶ vikingliv.blogg.no
- ⁷ Skjåk bygdebok, bind 1.
- ⁸ snl.no
- ⁹ arkeologi.blogspot.com
- ¹⁰ Den frilynde ungdomsrørsla. Noregs ungdomslag.
- ¹¹ 50 års historia til Bråtå Skilag.
- ¹² Lars Gjeilo, Kvelds-seto 2011.
- ¹³ byavis.no
- ¹⁴ snl.no/Centralforeningen
- ¹⁵ Skiforlaget, 1955. Norske Skiløpere.
- ¹⁶ Norges idrettsforbund, register Centralforeningen for Udbredelse av Idræt.
- ¹⁷ www.vaga.kommune.no
- ¹⁸ www.maihaugen.no
- ¹⁹ www.gymogturn.no
- ²⁰ Særoppgave Idretten i Lom.
- ²¹ Norges idrettsforbund. Årbok.
- ²² Protokoll Vaardalen idrottslag.
- ²³ lom-idrett.no
- ²⁴ [/idrett.speaker.no/](http://idrett.speaker.no/)
- ²⁵ xn--bverdalen-il-vjb.com
- ²⁶ www.lom.kommune.no
- ²⁷ skjaak.kommune.no
- ²⁸ Kjell Andersen. Vågå i gamle dågå.
- ²⁹ Årbok Lesja historielag 2010.
- ³⁰ Kjell Andersen.
- ³¹ Bok om Jettaløpet.
- ³² Bok Dovrebygde. Dovre Historielag.
- ³³ Gudbrandsdølen.
- ³⁴ GD, arkiv.
- ³⁵ Guttorm Horten, Sigurd Eggen.
- ³⁶ Bygdabok for Vågå.

Foto omslag: Skeiseløp utanfor Risheim i 1928.
Ivar Risheim. Skjåk historielag.